

## Referat frå Campusmøte, campus Sogndal

**Dato:** 08.02.23  
**Tid:** 10.00-12.00  
**Stad:** Møterom Foss, stort

### Til stades:

Medlemmer: Prodekan FLKI Sigurd Sandvold (leiar), prodekan FØS Helene Maristuen (nestleiar), fagseksjonsleiar Sandra Opheim (FHS), førsteamanuensis Deta Gasser (FIN), førsteamanuensis Tore Frimanslund (FØS), instituttleiar Frode Fretland (FLKI), Chris Kenneth Gudmundson (studentrepresentant), prorektor Geir Kåre Resaland, Tone Skjerdal (sekretær)

Forfall: Adelheid Kristiansen Breidvik

Observatør: Prodekan FHS Monica Wammen Nortvedt (digitalt)

### Sakliste:

Sak	Tittel	Ansvarleg	Tidsbruk
1/23	Godkjenning av innkalling og sakliste	Møteleiar	10 minutt
2/23	Orientering om og felles forståing av mandat	Møteleiar	30 minutt
3/23	Campusutviklingsprosjektet. Aktuelle problemstillingar for campusmøtet	Møteleiar	50 minutt
4/24	Møteplan 2023	Møteleiar	10 minutt

### 1/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga med sakliste vart utsend 3.2.23. I følgje rutine skal innkallinga vera utsend ei veke før møtet, men det var ikkje mogeleg til dette møtet sidan rammene ikkje var klare tidlegare.

### Diskusjon:

- Spørsmål om det skal vera vararepresentantar må avklarast. Det bør i tilfelle vera personlege vara, og dei må ha tilgang i Teams

**Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### **2/23 Orientering om og felles forståing av mandat**

Mandatet er presentert i fellesmøte 6. februar. Campusmøtet diskuterer med mål om å få ei felles forståing av mandatet.

**Diskusjon:**

- Det er viktig å få god kommunikasjon frå campusmøtet til linjene, òg til linjer som ikkje sit i møtet. I mandatet står det eksplisitt at ein ikkje skal handtera saker som gjeld areal, men det må likevel tolkast slik at campusmøtet kan gje råd i slike saker
- Korleis sørgja for systematisk kommunikasjon til fakulteta frå campusråda? Innspel på at det gjerne kan vera ei sak til ID-møta på fakulteta

**Vedtak:**

Campusmøtet Sogndal tek mandatet til vitande.

**Dokument knytt til saka:**

Vedlegg 1: [1 - Mandat for Campusmøte \(godkjent des 2022\).pdf](#)

### **3/23 Campusutviklingsprosjektet. Aktuelle problemstillingar for campusmøtet**

Campusutviklingsprosjektet er bakgrunn for etablering av campusmøta. Både sluttrapporten og rapporten for campus Sogndal er viktige grunnlagsdokument.

**Diskusjon:**

Det er tydeleg i mandatet at campusmøtet skal gje råd, men det bør òg liggja til toppleinga å be om råd frå campusmøtet når det er relevant.

Campusmøtet gav innspel til aktuelle tema for oppfølging:

- Aktiv læring – etablera felles prosjektgruppe/møtearena, mål om å forbetra eigen undervisningspraksis, og gjerne på sikt utvikla fou-prosjekt
- Ein god modell for undervisning på tvers av fakulteta er særleg viktig for campus Sogndal. Disiplinfaga har viktig rolle både i lærarutdanningane og i helse- og velferdsutdanningane, og det må bli lettare å ha undervisning i andre fakultet
- Rekrutteringsarbeid. Synleggjering, merkevarebygging. Korleis får ein vist fram Sogndal? HVL bør jobba betre med marknadsføring og merkevarebygging



- Informasjon ut til nye studentar kan bli betre, kan ein sjå til andre på dette?
- Digital informasjonsdag for studentrekruttering kan vera eit supplement til fysisk open dag. FØS prøver ut dette
- Utveksling på tvers av studieprogramma, internt i HVL (modell COIL, men internt)
- Internasjonalisering er eit hovudpunkt i rapporten. Korleis gripa tak i dette? Dette er ekstra sårbart med innføring av studentbetaling for studentar utanfor EU/EØS. Det vert internasjonalt i Sogndal 6. september
- Styrka og vidareutvikla samarbeidsrelasjonane med samfunns- og arbeidslivet.
  - Temaet er relevant både i utdanningane og forskinga
  - HVL bør ha fast/årleg møteplass med kommunane og næringslivet, jf. regional dag som vart arrangert i samarbeid med Sogn regionråd
- Studieporteføljeutvikling. Marknaden er lokal, nasjonal og internasjonalt.
  - I rapporten står det om livslang læring og nye, fleksible studietilbod på tvers av fakulteta. Kva rolle kan campusmøtet ta i denne samanhengen?
  - Viktig å samstundes sørge for eit godt tilbod til 19-20-åringane på campus

Campusmøtet hadde òg innspel til korleis ein skal arbeida vidare:

- Det er viktig å avklara korleis sakene vert tekne vidare. Kven bestemmer kva som skal følgjast opp? Campusmøtet bør gje råd til fakulteta om å nedsetja arbeidsgrupper på prioriterte område, slik at det vert gjort eit arbeid utanom campusmøta. Dekanane bestemmer. Responsen i dekangruppa er avgjerande for at campusmøtet lukkast.
- Campusmøtet bør konsentrera seg om nokre få tema om gongen
- Teams kan òg nyttast som kanal mellom møta

Til neste møte:

- Kvar av deltakarane vel ut tre punkt i campusutviklingsrapporten for Sogndal, som ein ynskjer å prioritera. Skil gjerne mellom kortsiktige og langsiktige tiltak

#### Vedtak:

Campusmøte Sogndal diskuterte tiltak og innsatsområde, og vil følgja opp med prioritering i neste møte. Ut frå dei prioriteringane vil campusrådet gje råd til linjene om korleis sakene kan takast vidare.

#### Dokument knytt til saka:

Vedlegg 1: [campusutvikling-sogndal-rapport.pdf](#)

Vedlegg 2: [Sluttrapport Prosjekt campusutvikling versjon styrebehandling.PDF](#)



#### 4/23 Møteplan 2023

Det skal vera tre møte i året, to i vårsemesteret og eit i haustsemesteret.

#### Vedtak:

Campusmøte Sogndal har desse møta i 2023: 8.2.23, 31.5.23 og 28.9.23

#### Oppfølging:

	Sak	Oppfølging	Ansvarleg
1	3/23	Deltakarane diskuterer internt i einingane og prioriterer tre punkt i campusutviklingsrapporten til neste møte	Alle
2	4/23	Innkalling til møta i mai og september	Sekretær